

SFE Nett AS  
Bukta  
6823 SANDANE

Vår dato: 15.06.2015  
Vår ref.: 201104378-266  
Arkiv: 611  
Dykkar dato: 17.04.2014  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Matilde Anker  
22959890/man@nve.no

## 132 kV Ålfoten-Deknepollen. Samtykke til oreigning

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til søknad av 7. januar 2013 og 17. mars 2014 frå SFE Nett AS.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegget omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skader og ulemper som vert påført andre. For nærare grunngjeving for vedtaket syner NVE til notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag, ref. NVE 201104378-263.

Med heimel i lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959, § 2 nr. 19, og mynde gjeve ved kgl. res. 05.11.1982, gjev NVE med dette SFE Nett AS løyve til å krevje avstått i Bremanger og Vågsøy kommunar i Sogn og Fjordane fylke naudsynt grunn og rettar for bygging og drift av ein ny 132 kV kraftleidning frå Ålfoten transformatorstasjon via Rugsundøy til Deknepollen transformatorstasjon.

Løyvet gjev rett til oreigning av bruksrett for følgjande areal:

- Kraftleidningsgata. Naudsynt areal for framføring av kraftleidningen, inkludert mastefeste. Klausuleringsbeltet utgjer normalt ein om lag 29 meter brei trasé.
- Kabeltraseen. Naudsynt areal for framføring av kraftleidningen, inkludert mastefeste. Klausuleringsbeltet utgjer normalt ein om lag 3 meter brei trasé på land og om lag 50 meter i sjø.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og mannskap på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidnings-/stasjonsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengtransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.
- Riggplassar. Rett til å etablere/byggje midlertidige riggplassar. (Bruksretten til riggplassar fell bort når anlegget er sett i drift). Rett til å bruke eksisterande riggplassar.

Kraftleidningstraseen skal i det vesentlege vere som vist med heiltrukken og stipla lilla strek på kart i målestokk 1:60 000 i A2, datert 25.02.2014 vedlagt anleggskonsesjonen, ref. NVE 201104378-264.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



NVE føreset at SFE Nett freistar å kome fram til minnelege ordningar grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at De gjev melding til grunneigarar/rettshavarar om oreigningsløyvet, jf. forvaltningslova kap. V. Vi ber om at vedlagde orienteringsbrev med NVE si påteikning vert sendt grunneigarar og rettshavarar snarast.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi føretrekk elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Oreigningsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

Med helsing

Rune Flatby  
avdelingsdirektør

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*